



Helland Eiendom & Invest AS  
Idrettsvegen 3  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13154 - 20/46042

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
14.07.2020

## Godkjenning - seksjonering - gbnr 123/134 Risa

**Administrativt vedtak: Saknr: 748/20**

### VEDTAK:

Alver kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Storhaugen 59A, 59B gnr.123 bnr.134 på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Bygningsmassen består av 2 vertikaldelte bustader over 1 etasje med 1 bueining i kvar som har fått igangsettingsløyve.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken 1/2. Seksjon 1-2 har tilleggsareal B i form av uteboder utanfor plan 1. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen ( i samsvar med byggeløyvet). Utearealet er fellesareal.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 123/134 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

### Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 123/134 i Alver, med adressa Storhaugen 59A-B . På eigedommen er gitt godkjent IG vertikaldelt 2-mannsbustad over 1 etasje. Kvar eining har eiga inngangsdør og eiga adresse.

**Vurdering:**

Søknad om seksjonering var nær komplett då den kom inn, med vedlegga kart, byggteikningar og vedtekter. Kommunen har etter avtale med innsendar påført talet 2 for teljar og nevnar i søknadsskjemaet pkt 4.

Søknaden er signert og sendt inn av Styrets leder Gaute Helland.

Vedtekter for sameiet sameiet Storhaugen 59A og 59B , gnr.123, bnr.134 ligg ved, og oppfyller minstekravet til slike vedtekter.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

**Regelverk**

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Lov om eigedomsregistrering ( matrikkellova)av 17.juni.2005 nr.101

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Gebyr:**

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 4 seksjonar kr 7400,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/13154»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om seksjonering - gbnr 123-134 Risa  
kart

**Mottakrar:**

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER